



**TV-aksjonen i år skal redda eit regnskogområde som er større enn Danmark og Norge i 5 land og det som skjer søndag etteriddag bidrar til å løysa vårt alvorligaste og mest uopprettelege miljøproblem. Dette er bakgrunnen for at også vi bør gjera vårt. Den massive øydeleggjinga av regnskogen er også i høgste grad vårt problem sjølv om skogsområda det gjeld ligg langt unna. Kva skal vi så gjera? For å dekkja Uskedalen treng vi 15 innsamlarar og i skrivande stund har rodeleiar Kjell Yri berre 5 til disposisjon Du kan melda deg til innsats på 48 89 31 50 eller 926 57913 (Andrea Albrethson)**

Det kan verka utruleg for oss som kjenner best til gran, furu og bjørk, men regnskogen pumper varm og fuktig luft frå ekvator og opp til oss og bidrar til det klimaet vi kjenner. Og den reduserer endringane i klima ved lagring av karbon og tek vare på meir enn halvparten av alle dyr- og plantar som har utvikla seg på jorda.

Difor er det så skremmande at sidan 2. verdskrig har det skjedd ein rasering av den tropiske regnskogen. Medan denne skogen før dekkja 12 prosent av jorda er prosenten no redusert til det halve. 260 millionar menneskje har regnskogen som heimen sin og 80 prosent av insektartane som vi kjenner lever der. For få dagar sidan kunne vi lesa om at røyk dekkja Indonesia. Brenning av regnskog tilsvarar utsleppa frå alle bilane i verda.

TV-aksjonen skal bidra til å bevare 188 000 kvadratkilometer regnskog i Brasil, 105 000 kvadratkilometer i Peru, nær 100 000 kvadratkilometer på verdas nest største øy New guinea og 60 000 kvadratkilometer i Kongo.

Treng vi meir informasjon før også du gjer ein innsats? Innsamlinga er frå 16 til 18.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen